

Trolltinden Advokater as
Tor-Inge Baldersheim
Øvree Kråkenes 17
5152 BØNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2187 - 14/5166

Saksbehandlar:

Arnold Matre

Arnold.Matre@lindas.kommune.no

Dato:

07.03.2014

Svar på spørsmål om omregulerings i høve gnr 214 bnr 64

Det vert synt til Dykkar skriv dagsett 21.02.14, samt e-post frå einingsleiar Tor Hegle dagsett 17.02.14.

Det vert i Dykkar skriv presisert at skrivet berre gjeld krav om omregulering av eigedomen frå LNFR til bustadføremål.

Som De peiker på i Dykkar skriv er deler av eigedomen sett av til LNF-område i arealdelen til kommuneplan for Lindås kommune 2011 – 2023. Denne planen vart vedteken av kommunestyret 22.09.11. Etter Lindås kommune sin vedtekne planstrategi skal ein starta revisjon av kommuneplanen i 2016. Dykkar klient vil kunne spela inn ønskje om arealbruksendring på sin eigedom knytt til denne revisjonen. Det vil ikkje vera aktuelt å vurdera revisjon/endring i arealdelen til kommuneplanen grunngjeve i at einskildtomter skal endra arealbrukskategori frå LNF til bustad før denne tid.

Det ligg ikkje føre detaljreguleringsplan i området som innlemmar gnr. 214 bnr. 64. Det vil vera mogeleg for Dykkar klient å søkja om oppstart av privat reguleringsplanarbeid for større eller mindre område på og i kring eigedomen. Informasjon om reglar og rammer for eit reguleringsarbeid kan ein finna i «Startpakke for reguleringsplanar» på internettsida Bing.nu .

For orden skyld vil me gjera merksam på at oppstart av arbeid med arealdelen til kommuneplanen 2011 – 23 vart kunngjort 15.11.08. Framlegg til revidert plan låg ut til 1. gongs høyring i perioden 07.01.11 – 04.03.11, og 2. gongs høyring i perioden 08.06.11 - 20.07.11. Det var her høve for alle partar og interesserte å koma med merknader/innspel til planarbeidet.

Arealkart med føresegner vart etter ei grundig silingsprosess vedteken av Lindås kommunestyre.

Vonar dette var svar på Dykkar spørsmål. Denne førespurnaden vil ikkje få vidare sakshandsaming i kommunen.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Trolltinden Advokater as

Øvree Kråkenes 17 5152

BØNES